

# *Ny norsk språkhistorie 2*

## Brev til medarbeidarane, desember 2011

### **Seminar i november og desember 2011**

Denne hausten er det blitt fart i arbeidet med språkhistoria. Tove arrangerte språkideologiseminar 23–24. november i Tromsø. Det var knytt til bind 4. Der var spesielt invitert Neville Alexander frå the University of Cape Town, som forelas om sørafrikansk språkpolitikk, og Andreas Gardt frå Universitat Kassel, som hadde foredrag om “Linguistic Standard and Identity”. Elles hadde emneredaktørane i bindet innlegg om sine kapittel. Seminaret var svært godt besøk, og det var på alle måtar vellykka.

26.–27. november var det manusseminar for bind 2 (også i Tromsø), der Helge var ansvarleg. Til seminaret skulle forfattarane skrive minst 15 sider manus, og somme hadde nytta høvet til å skrive meir. Manuskripta blei grundig gjennomgått, og vi brukte god tid på å diskutere prinsipielt kring sjangeren, fagnivået og stilen. Mellom anna gjekk vi igjennom retningslinjene for manus til språkhistoria, som blir omtalt nedafor.

Brit heldt tilsvarende møte for bind 3 den 12.–13. desember i Trondheim. Der stilte også forfattarane med manus. Dei diskuterte bindet og enkeltdisposisjonane grundig og blei inspirert til vidare arbeid.

### **Seminar i 2012 og 2013**

I veke 48 i 2012 blir det fagseminar i Bergen om «indre språkhistorie» dei siste to hundreåra, og ansvarleg er Helge. I 2013 har Agnete og Stian (Hårstad) ansvar for eit fagseminar om massemedium og språk. I samband med seminaret i veke 48 i Bergen blir det halde manusseminar for bd. 2 og 3.

### **Framover**

Vi ser dermed at det store skrivearbeidet no er i gang, og framdriftsplanen blir meir og meir detaljert. Det er eit viktig steg å komme i gang med skivinga. Skriveprosessen skal ta tid, for mange forskingsspørsmål dukkar jo opp mens ein skriv. Etter diverse diskusjonar og responsar dette semesteret vil vi som hovudredaktørar minne om ein gjengangar frå tidlegare drøftingar av disposisjonane til enkeltkapitla: Dette er ei *språkhistorie*, og det vil seie at alle kapitla skal vere prega av utviklingar i tidsdimensjonen, slik at vi utviklar fagleg innsikt av det som òg er blitt kalla variasjon i tid. I somme kapittel vil nok dette vere meir fagleg nyskapande enn i andre.

Framdriftsplanen vår er no litt justert, og vi viser den i tabellform:

	Hautst 2011	Vår 2012	Hautst 2012	Vår 2013	Hautst 2013	Vår 2014	Hautst 2014	Vår 2015	Hautst 2015
Seminar med "prøve manus"	Bind 2		Bind 3 & 4	Bind 1					
Heilt manus til seminar			Bind 2		Bind 1&3&4				
Seminar på revidert manus				Bind 2		Bind 1&3&4			
Korrektur & sats					Bind 2		Bind 1&3&4		
Bindpresentasjon						Bind 2		Bind 3 & 4	Bind 1

Og meir detaljert:

#### **Plan for bind 2**

Innsending heilt manus: 15. september 2012

Seminar over heilt manus (i Bergen): 29.-30.11.2012

Innsending revidert manus: 1. mars 2013

Seminar over revidert manus: 2.-3. mai 2013

Siste reviderte manus til forlaget: 1. september 2013

Korrektur frå forlaget i oktober 2013

Innsending 1. korrektur: 1. november 2013

Innsending 2. korrektur: 31.12.2013

#### **Plan for bind 3**

Seminar over prøve manus 26.-27. november.

#### **Plan for bind 4**

Seminar over prøve manus i veke 41, t.d. 10. og 11. oktober.

(Planen ligg òg på [http://folk.uib.no/hnohs/NNS/Redaksjon og framdrift.pdf](http://folk.uib.no/hnohs/NNS/Redaksjon%20og%20framdrift.pdf))

## **Disposisjonen**

Disposisjonen vår er igjen oppdatert litt. Der kan ein orientere seg viss ein vil ha oversikt over kva andre planlegg å skrive om i sine kapittel. Siste versjon finn det på

<http://folk.uib.no\hnohs\NNS\Disposisjon.pdf>

## **Retningslinjer for manusa**

Retningslinjene for manus tar for seg kven vi skriv for, og kva sjanger vi skriv innanfor. Dessutan finn ein her råd om bruk av fagterminologi, og ei oversikt over kven som har ansvaret for harmonisering av terminologien. Bruk av transkripsjonar er òg omtalt; dei skal vere presise, men ikkje meir detaljerte enn nødvendig. Når det gjeld rettskriving, er det opp til kvar enkelt forfattar kva målform ho eller han vil skrive i, så lenge det er innanfor gjeldande rettskriving. Retningslinjene inneheld òg eit fyldig stilskjema, som nok kan komme til å bli utvida etter kvart.

Adressa til retningslinjene er

<http://folk.uib.no\hnohs\NNS\Retningslinjer.pdf>

Og dermed:

God jul og vel møtt til nye dystar i 2012.

Agnete og Helge